

Villreinfjellet som verdiskaper

- referat for møte i styringsgruppa 21.1.2019, kl. 08.00 – 10.00 (skype)

Deltakere:

Bjørn Laugaland (Sak 1,3 og 4), Ola Olsbu, Signe Sollien Haugå, Ørnulf Haraldstad, Åshild Hus Margit Smeland, Øystein Kristensen, Guro Sødergren, Alf Odden, Jørn Trygve Haug (møteleder), Marianne Singsaas (referant)

Forfall:

Tor Arne Eiken

Sak 1 Økonomisk verdiskaping i prosjektet

Bakgrunn

Styringsgruppa etterlyste i møtet 25.11.2018, sak 3, tiltak som kan fremme økonomisk verdiskaping og der ein støttar opp om aktørar som driv komersiell verksemd i og inn mot verneområda. Styringsgruppa ønskja eit vidare fokus på:

- Verksemdene som deltek på det planlagte verskapskurset hausten 2019 i regi av arbeidsgruppe 3 *Villreinen og kulturarven*. Stikkord: produktutvikling og marknadsføring
- Bidra til sertifisering og synleggjering av eit utval aktørar som driv/ønskjer å drive næringsverksemd knytt til villrein og villreinfjell i vid forstand.
- I dialog med turistverksemdar bidra til synleggjering av økonomisk verdiskaping i villreinfjella

Styringsgruppa sette av kr. 300 000 i budsjettet for 2019 øyremarka ei slik satsing. Bruk av midla skulle konkretiserast i møtet 21.1.2019

Vurdering

Les ein prosjektbeskrivinga så er hovudsatsinga i prosjektet knytt til sosial, miljømessig og kulturell verdiskaping. Tiltak innan dette er i stor grad knytt til kunnskapsformidling og utvikling/etablering av møteplassar. Prosjektleiaren er oppteken av at ein er tro mot prosjektbeskrivinga for å sikre framdrift og unngå at prosjektet tek stadig nye vegar. Medviten valde ein i prosjektsøknaden å halde ein låg profil knytt til økonomisk verdiskaping, da ein ikkje ønskja å skape forventningar som ut frå røynsla har synt seg vanskeleg å innfri. Størst sjanse for å lukkast vil ein også ha om idear kjem utanfrå i staden for at ein i arbeidsgruppe eller styringsgruppe kjem opp med ideane

Dette betyr ikkje at økonomisk verdiskaping er fråverande i dei tiltaka som ligg i prosjektbeskrivinga og som arbeidsgruppene har jobba med gjennom 2018. Ut frå tiltak lista opp for arbeidsgruppe 3 (*Villreinen og kulturarven*) skal det jobbast med guidekurs og vertskapskurs om skal synleggjere potensialet som ligg i å syne fram villreinrelaterte kulturminne, samt gjere verksemdar i stand til å utvikle produktpakkar for slik verksemd. Vidare skal det jobbast med formidling og tilrettelegging både på eksisterande besøkssentra og på utvalde lokalitetar i felt. Eit

slikt tilbud på sjølvsagt marknadsførast ovarfor reiselivsverksemder slik at dei kan dra nytte av det i eigen verksemd. Ein meir indirekte økonomisk verdiskaping ligg her i at det er med å auke atraksjonsverdien og opplevingsverdien slik at tilreisande stansar opp, blir lengre og legg igjen meir pengar i lokale bedrifter, anten det er overnattingsbedrifter, matbutikker eller andre tilbud. Det er og naturleg å peike på kontakten som er oppretta mot Fjellreinskulen i Bykle og der styringsgruppa har signalisert at prosjektet skal støtte opp om planane deira.

Når det gjeld sertifisering slik styringsgrupp har vore innom, ser ein ikkje for seg at det er aktuelt at verdiskapingsprosjektet skal ha ei rolle i å utarbeide nye sertifiseringsordningar for bedrifter. Her bør bedrifter kunne nytte allereie etablerte ordningar. Slike ordningar vil ha ein naturleg plass i kursverksemda omtala ovanfor.

Styringsgruppa kommentarer:

Styringsgruppa diskuterte om man bør ha en åpen utlysning der interesserte bedrifter, og om framlegg til vedtak blir for snevert. Styringsgruppa ønsker idéer utenfra, men da må man oppsøke bedriftene og utfordre de til å komme med innspill. Styringsgruppa konkluderte med at man har rimelig god oversikt over aktørene som eksisterer i dag. Og at man ønsker å komme i dialog med disse. Styringsgruppa ønsker også å ta tak i de som jobber i randsonen og som ikke jobber med villrein i dag, men tar med folk inn i villreinområder. Man ønsker at også disse skal få muligheten til å utvikle sin drift ved å fokusere på villrein.

Man må lage et faktaark som distribueres gjennom Visit-selskapene og lokal kanaler, der man informerer om prosjektet og kurset, og mulighetene for å søke på prosjektmidler etter gjennomført kurs.

Styringsgruppa ønskjer at av de omtalte kr. 300 000 skal kr. 50 000 øremerkes ungdomsbedrifter tilknyttet Ungt entreprenørskap. Ungdomsbedrifter i dei deltakande kommunene bør utfordres til komme opp med foretningsideer innenfor de tematiske rammene for prosjektet, og med premiering av det beste forslaget.

Vedtak

Styringsgruppa legg følgjande føringer knytt til økonomisk verdiskaping og bruk av avsette kr. 300 000:

- Deltakarar på nevnte kurs vil kunne søke om økonomisk støtte til markedsføring og produktutvikling der satsinga tematisk er innfor ramma av verdiskapingsprosjektet
- Samarbeid med Fjellreinskulen må så fort som mulig konkretiserast og finne si form
- Prosjektet skal fortløpende informere turistvirksomheter, reiselivsdestinasjoner mv. om tilrettelegging og formidling som de kan nytte i sin virksomhet
- Så langt som råd ift anskaffelsesreglementet skal en i omtalte guidekurs/vertskapskurs bruke lokale leverandører for gjennomføring av kurset
- Det avsettes kr 50.000,- til utvikling av nye forretningsideer og etablering av nye elev/ungdomsbedrifter under paraplyen Ungt Enreprenørskap. Gjennomføring i tråd med styringsgruppa sine kommentarer ovenfor. Målgruppe for en utlysning er elever ved ungdomsskoler, videregående skoler, folkehøgskoler i SVR -kommunene samt utdanningsinstitusjoner i regionen.

Sak 2 Kort orientering om status i arbeidsgruppene v/prosjektlederane

Gruppe 1. Kunnskapsformidling om villrien og villrein fjell til barn og unge (Jørn)

6 skoler interessert i arrangement, ansvaret er fordelt innad i gruppen.

Det blir opplæringsjakt to helger i september 2019 arrangert av Statsskog

Gruppe 2 Møteplass villrein fjellet (Guro)

Det er laget et årshjul med aktiviteter og steder, plan, førstkommande møte er på Vågslid 28. februar.

Gruppe 3 Villrein og kulturarven (Alf)

Har opprettet programkomité for guidekurs, planen er å arrangere turer allerede til våren.

Man ønsker å arrangere åpne kulturminnevandringar – og booke seg inn på DNT, andre turarrangørers arrangementer. Man jobber også med kulturminneinformasjon – digitalt og fysisk ute i terrenger, vil velge ut ett villreinminne i hver kommune, og få til noe konkret rundt disse.

Gruppe 4 Sti og Løypeplan (Øystein)

Samling om sti og løypeplaner på Haukelisetter 5.-6. mars 2019. Villreinsenteret lager rapport som vedlegg til Miljødirektoratets veileder. Miljødirektoratets veileder for sti og løypeplaner blir presentert i Oslo 11. februar 2019. Øystein vil være til stede.

Sak 3 Nettverkssamling

Miljødirektoratet (MD) har lagt opp til nettverkssamling for dei seks nasjonale verdiskapingsprosjekta. Dato er sett til 9. – 10. april på Kringler Gjestegard på Gardermoen. Tilsvarande vart gjennomført på Honne i mars 2018. Opphald vert dekkast av MD, reisa må dekkast av prosjektet.

Styringsgruppa tar sikte på å sende tre representantar, hvorav én fra styringsgruppa. Styringsgruppa velger representant i neste møte. Prosjektlederane avklarar internt kven som reiser.

Sak 4 Dato for neste møte

Fredag 1. mars 8.00-9.30

Sak 5. Eventuelt

Ingen saker

Marianne Singsaas
referent

